



Hjelpekjema som skal leggast ved søknad om oppheving av privat beslagsforbod.

**SKAL FYLLAST UT AV SØKJAREN**

Stiftelsestilsynet kan etter nærmere reglar oppheve private beslagsforbod (dekningsloven § 3-1 og § 3-2) etter reglane i stiftseslova kapittel 6.

For at Stiftelsestilsynet skal kunne behandle søknaden, må de sende oss dokumentasjonen nemnt nedanfor. Manglende dokumentasjon vil føre til at søknaden blir avvist/avslått.

Kontrollér difor at følgjande vurderinger er gjort, og at dei nødvendige dokument er lagt ved:

kryss av

|   |                          |
|---|--------------------------|
| <b>1. Rettsgrunnlaget for beslagsforbodet</b><br><br>Det må sendast inn kopi av testament eller gåvebrev (eventuelt anna rettsgrunnlag) som dannar grunnlaget for beslagsforbodet.  | <input type="checkbox"/> |
| <b>2. Bakgrunnen for beslagsforbodet</b><br><br>Det må gjerast greie for kvifor beslagsforbodet vart oppretta.<br>Eventuell dokumentasjon om bakgrunnen må sendast inn.   | <input type="checkbox"/> |
| <b>3. Grunngjeving for søknaden</b><br><br>Vilkåra for å få oppheva beslagsforbodet går fram av stiftseslova § 46 første ledd. Det grunnleggande vilkåret er at forholda klart har endra seg sidan beslagsforbodet vart oppretta. Det må dokumenterast at dei endra forholda har ført til at beslagsforbodet ikkje lenger kan etterlevast, er blitt åpenbart unyttig, åpenbart uheldig eller åpenbart ufnuftig. Grunngjevinga må oppfylle minst eitt av vilkåra i § 46 første ledd.<br><br>Stiftelsestilsynet skal vurdere om vilkåra for å oppheve beslagsforbodet er oppfylt. | <input type="checkbox"/> |
| <b>4. Uttale frå den som fastsette beslagsforbodet</b><br><br>Dersom den som fastsette beslagsforbodet lever, skal han eller ho få høve til å uttale seg om søknaden. Er vedkommande død, og det finns slektingar eller nærståande av han eller henne, skal desse få høve til å uttale seg om søknaden, sjå stiftseslova § 49. Slik uttale skal hentast inn på førehand og leggast ved søknaden.<br><br>Er det ikkje er mogeleg å hente inn slik uttale, skal det grunngjevest i søknaden.  | <input type="checkbox"/> |
| <b>5. Uttale frå tillitsmann</b><br><br>Dersom det ikkje er tillitsmann som søker om oppheving av beslagsforbodet, skal det hentast inn uttale frå vedkommande. Uttalet skal leggast ved søknaden.  | <input type="checkbox"/> |
| <b>6. Utskrift frå offentlege register</b><br><br>Kopi av skøyte og utskrift av grunnboka må leggast ved, når beslagsforbodet er påhefta fast eigedom.<br><br>Er beslagsforbodet tinglyst i anna register, skal utskrift frå dette leggast ved (t.d. Løsøreregisteret).   | <input type="checkbox"/> |
| <b>7. Opplysning om søkjars neverande økonomiske situasjon</b><br><br>Utskrift av siste års skatteoppgjer må leggast ved.   | <input type="checkbox"/> |